



Tjore Byggvedlikehold

Kolstad  
5936 MANGER

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2009/1290 - 27265/2009	Tor Hegle - 56 37 56 42	190/2	18.12.2009

Delegert sak handsama av avdelingssjefen

## **Løyve til riving av eldre bustad og oppføring av ny bustad med to bueingar. Gnr.190/2.**

Løyvet inneber ei revisjon av løyve til kjellarbustad av 22.10.09.

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteke 09.07.08., vedlagt:

- teikningar m/ terrengprofil
- situasjonsplan
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel
- kontrollerklæring for prosjektering
- Søknad om utsleppsløyve

Søknaden er seinare komplettert med:

- Plan for tilkomstveg av 11.12.09.
- Avfallsplan, motteke 02.11.09.
- Erklæring, av 08.12.09.

Søknaden omfattar riving av delar av eldre bustad og oppføring av ny bustad med to bueingar samt andre mindre byggearbeid.

### **Saksutgreiing/Vurdering**

#### Vegtilkomst.

Det ligg føre søknad om ny og utvida tilkomst til tiltaket. Søknaden er handsama hos vegmynde 07.09.09., og 15.12.09. Det er gjeve løyve på vilkår.

Det vil ikkje verte gjeve bruksløyve før disse vilkår a er stetta.

#### Utslepp.

Det ligg føre søknad om utslepp.

Der det skal nyttast biologisk/kjemisk løysing, må det nyttast typegodkjent, prefabrikkert **biologisk og kjemisk minireinseanlegg (klasse 1)** før utslepp gjennom tett leidning til vassdrag eller etterpolering. (Etterpolering: t.d. kum med lecakuler). Vatnet må deretter kunne leiast til bekk med heilårsvassføring.

Det må sendast inn avtale om levering og service på minireinseanlegg før det vert gjeve bruksløyve til slikt anlegg. Etablering av utsleppet vurderast å medføre minimale / mindre forureiningsmessige ulemper. Utsleppsløyve vert gjeve på bakgrunn av samanslåing med eksisterande bustad på staden samt ei utbetring av eldre eksisterande avløpsanlegg.

#### Tryggleik på staden.

Det er i tidlegare byggesak sett krav til sikt i privat veg som er lagt utanfor bygget. Den private vegen har fleire brukarar.

I løyvet av 06.03.07., er det sett vilkår om at:

” gjerdet mellom bustad og veg ikkje må hindra sikt i vegen. Gjerdet kan ikkje være høgare enn at ein, i svingen rundt bustaden, har sikt frå personbil.”

Vi viser til vårt brev av 26.06.07., der det vart sett fram krav om at sikta måtte betrast.

Vi viser til brev frå ansvarleg søkjar av 25.02.07., der det kom fram :

- Gjerdet er i dag 97 cm høgt, kan senkast til 90 cm.
- Speil i svingen for å kunna sjå møtande trafikk.

Ei synfaring på staden viser at tilhøva på staden ikkje er tilstrekkelege.

Vi er merksam på at det er trong for å trygge tilhøva mellom bustaden og vegen. Dette kjem mellom anna som følgje av den korte avstanden mellom hovudinngangsdøra og køyrevegen.

Vi ber om at gjerdet vert utført slik at sikta for dei som køyrer på vegen vert betra - alternativt at vegen byggast breiare i heile svingen rundt bygget, samt nokre 5 meter før og etter svingen

#### Gebyr.

Det er tidlegare gjeve gebyr pålydande kr.15.200,-.

Som følgje av denne handsaminga vert det sendt eit tilleggsgebyr til tiltakshavar.

Geburet kjem fram av oppstillinga nedanfor.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr. Tiltakskl.1. Første bueining	11.400,-
G2. Utsleppsløyve	3.800,-
<b>SUM tidlegare tilsendt gebyr.</b>	<b>15.200,-</b>
Basisgebyr. Tiltakskl.1. Første bueining	11.400,-
Andre bueining. 50% av sats.	6.700,-
Tilleggsgebyr middels	7.000,-
G2. Utsleppsløyve	3.800,-
Frådrag tidlegare faktura	- 15.200,-
<b>SUM tilleggsgebyr</b>	<b>13.700,-</b>

### Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår sett nedanfor.

I medhald av Avfallsforskrifta § 15-6 vert det gjeve samtykke til planlagt avfallsdisponering på følgjande vilkår:

1. Avfallsplanen må vere signert av avfallsprodusenten. Minst 60 vektprosent av avfallet skal sorterast på byggeplass. Alt avfall skal leverast til lovleg mottak eller ombrukast/gjenvinnast/nyttiggjerast på lovleg måte.
2. Avfallsprodusent skal ha dokumentasjon frå mottakar av avfallet for kvar enkelt avfallsfraksjon/type, der mengde, avfallstype og leveringsstad kjem klart fram.
3. Dokumentasjonen være tilgjengeleg for kommunen ved tilsyn o.l. Det skal sendast inn sluttrapport til kommunen, vedlagt dokumentasjon frå avfallsmottakar og eventuell eigenerklæring der delar av avfallet ombrukast/gjenvinnast/nyttiggjerast på lovleg måte, seinast 45 dagar etter at arbeida er avslutta.
4. Dersom avfallsmengde eller disponering har avvik vesentleg frå det som er oppgitt i avfallsplanen og i eventuell miljøsaneringsutgreiing, skal avviket verte grunngjeve.

Med heimel i forskrift om avgrensing av forureining fastsett 1.6.2004, (forureiningsforskrifta), kapittel 12 endra ved forskrift 15. desember 2005 nr 1691, vert det gjeve utsleppsløyve i samsvar med søknaden, på følgjande vilkår:

1. Bueininga i kjellaren må vere skild frå anna bueining i samsvar med brann- og lydkrav i TEK-forskrifta.
2. Plassering av utsleppsanlegget skal koordinatfestast, **og dokumentasjon skal sendast til kommunen omgåande** (PBL § 70 nr. 1), seinast før det vert gjeve bruksløyve.
3. Utsleppsløyvet gjeld typegodkjent, prefabrikkert biologisk og kjemisk minireinseanlegg (klasse 1) før utslepp gjennom tett leidning til vassdrag med heilårsvassføring eller etterpolering. Anlegget skal vere dimensjonert for 2 bueiningar. Det skal sendast inn avtale om levering og service på minireinseanlegg før det vert gjeve bruksløyve. Oppheving av serviceavtale medfører bortfall av løyve.
4. Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning dersom dette vert utbygt i området. Kommunen gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på summen skal fastsetjast av kommunen.
5. Det vert sett vilkår om at drikkevannet er tilfredsstillande hygienisk trygt - og har tilstrekkeleg mengde i samsvar med Pbl§65.
6. Gjerdet mellom vegen og bygget, på vestsida av bygget må verte utført slik at sikta for dei som køyrer på vegen vert betra - alternativt at vegen byggast breiare i heile svingen rundt bygget, samt nokre 5 meter før og etter svingen. Tiltaket må verte utført før det vert gjeve bruksløyve på den nye bueininga.
7. Vilkår frå vegmynde av 15.12.09., må vere stetta før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest.
8. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

I dette vedtaket er det knytt følgjande særlege vilkår for at det kan verte gjeve bruksløyve/ferdigattest:

- a. Framlegg av avtale om levering og service på minireinseanlegg.
- b. Framlegg av koordinatar for plassering av utsleppsanlegg.
- c. Ombygging av gjerde – alternativt privat veg, vest for tiltaket.
- d. Vilkår frå vegmynde av 15.12.09.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

<b>Rolle</b>	<b>Arbeidsområde</b>	<b>Godkjent føretak</b>
SØK		Tjore Byggvedlikehold
PRO/KPR	Arkitektarbeid	Tjore Byggvedlikehold
PRO/KPR	Dimensj. og konstr.arb.	Tjore Byggvedlikehold
PRO/KPR	VVS-arbeid	Stendal VVS AS
UTF/KUT	Grunn- og terrengarbeid	Reigstad Bygg og eigedom AS
UTF/KUT	Mur- og betongarbeid	Reigstad Bygg og eigedom AS
UTF/KUT	Tømrararbeid	Tjore Byggvedlikehold
UTF/KUT	VVS-arbeid	Stendal VVS AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle  
fagleiar byggesak

Kopi til:

Kjell Grøttveit og Knut Egil Dyngeland 5914 Isdalstø  
Trond Grøttveit Grøttveit 5914 Isdalstø  
VVA, teknisk drift, her.